



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 987 669 586
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTELSEN MUSEUM VEST
Forretningsadresse: Lyngneset 4A
5302 STRUSSHAMN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Øyvind Stang
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 20.02.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 11.03.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		6 450 821	5 052 609
Billettinntekter m.m.		8 372 179	6 125 140
Offentlige driftstilskudd	2	57 781 658	58 090 000
Prosjektinntekter	3	11 815 558	16 291 319
Leieinntekter		1 445 986	837 726
Annen driftsinntekt		5 751 293	5 196 140
Sum inntekter	4	91 617 496	91 592 934
Kostnader			
Varekostnad		2 708 235	2 209 503
Lønn og sosiale kostnader	5	51 105 764	47 530 947
Ordinære av- og nedskrivninger	1, 6	1 720 118	1 757 050
Kostnader lokaler	3	10 234 768	16 558 536
Husleiekostnader		10 241 882	8 673 745
Kontor- og administrasjonskostnader	5	11 210 007	10 528 146
Kostnader samlinger og utstillinger m.m		2 243 447	4 226 229
Prosjektilskudd til andre		77 000	654 050
Sum kostnader		89 541 220	92 138 207
Driftsresultat		2 076 276	-545 273
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		1 458 256	319 692
Annen finansinntekt			11 822
Sum finansinntekter		1 458 256	331 514
Annen finanskostnad		15 247	10 209
Sum finanskostnader		15 247	10 209
Netto finans		1 443 009	321 304
Ordinært resultat før skattekostnad		3 519 285	-223 968
Ordinært resultat etter skattekostnad		3 519 285	-223 968



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Årsresultat		3 519 285	-223 968
Årsresultat etter minoritetsinteresser		3 519 285	-223 968
Totalresultat		3 519 285	-223 968
Overføringer og disponeringer			
Udekket tap		-180 000	-2 180 795
Avsatt til bundne fond		2 000 000	
Overført annen egenkapital		1 699 285	1 956 827
Sum overføringer og disponeringer		3 519 285	-223 968



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Immaterielle eiendeler	1, 10		
Varige driftsmidler			
Inventar og utstyr		788 385	843 088
"Utstilling Sandviksboder"		2 749 000	4 210 000
Sum varige driftsmidler	1, 6	3 537 385	5 053 088
Finansielle anleggsmidler			
Lån til tilknyttet selskap og felles kontrollert virksomhet		90 400	
Investeringer i aksjer og andeler		79 000	51 000
Egenkapitalinnskudd i KLP	7	1 014 323	885 343
Sum finansielle anleggsmidler		1 183 723	936 343
Sum anleggsmidler		4 721 108	5 989 431
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer	1	1 701 446	1 624 698
Fordringer			
Kundefordringer		2 640 011	2 040 875
Andre kortsiktige fordringer		4 981 457	4 832 577
Sum fordringer	1	7 621 468	6 873 452
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd og kontanter	8	29 046 029	29 240 383
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		29 046 029	29 240 383
Sum omløpsmidler		38 368 942	37 738 533
SUM EIENDELER		43 090 050	43 727 964



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital		50 000	50 000
Sum innskutt egenkapital		50 000	50 000
Opptjent egenkapital			
Egenkapital disponert til fond		5 795 218	3 975 218
Annen egenkapital		1 699 285	
Sum opptjent egenkapital		7 494 503	3 975 218
Sum egenkapital	9	7 544 503	4 025 218
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	7	11 924 485	12 952 242
Periodiserte tilskudd og avsetninger	3, 10	6 764 869	11 163 605
Tilskudd aktiverte utstillinger	6	2 199 000	3 440 000
Sum avsetninger for forpliktelser		20 888 354	27 555 847
Annen langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		20 888 354	27 555 847
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		6 942 150	4 620 115
Skyldig skattetrekk og offentlige avgifter		3 109 200	3 295 084
Skyldige feriepenger og lønn		4 398 644	3 906 528
Annen kortsiktig gjeld		207 198	325 173
Sum kortsiktig gjeld		14 657 193	12 146 899
Sum gjeld		35 545 547	39 702 746
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		43 090 050	43 727 964




Årsregnskap 2023

Stiftelsen Museum Vest

Styrets årsberetning
Resultatregnskap
Balanse
Kontantstrøm
Noter
Revisjonsberetning

Org.nr.: 987 669 586



ÅRSMELDING

STIFTELSEN
MUSEUM VEST

—
2023

2023

1. SKILDRING AV VERKSEMDA OG SKILDRING AV KVAR VERKSEMDA VERT DRIVE

Museum Vest (MV) besto i 2023 av åtte besøksarenaer og desse er referert til med forkortingar:

Herdla Museum (HM), Nordsjøfartsmuseet i Telavåg (NMT), Fjell festning (FF), Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene (DHM), Bjørn West Museet (BWM), Norges Fiskerimuseum (NFM), Kystmuseet i Øygarden (KiØ) og Bergens Sjøfartsmuseum (BSJ).

I tillegg har Museum Vest to fellesavdelingar; Administrasjonen og Felleseininga.

Museum Vest har museum i kommunane Øygarden, Askøy, Masfjorden og Bergen. Samtidig er Museum Vest eit tematisk museum der den faglege profilen utgår frå avdelingane sitt hovudfelt. Profilen utgjør tre hovudtema:

Sjøfarts- og fiskerihistorie, havbruk og handel inkludert hanseatane si historie.

Krig- og okkupasjon, forsvarshistorie og menneskerettar.

Kystkultur med fokus på energihistorie.





STYRET 2023

Namn	Rolle	Oppnemnd av	Valperiode
Berge Haugetun	Styreleiar	Kystmuseet i Øygarden	2020-2023
Aud Karin Oen	Nestleiar	Vestland fylkeskommune	2020-2023
Frode Larsen	Styremedlem	Askøy kommune	2020-2023
Birger Wergeland	Styremedlem	Bjørn West museet	2020-2023
Tove Berge	Styremedlem	Norges Fiskerimuseum	2020-2023
Knut Olav Alhaug	Styremedlem	Bergen kommune	2020 - 1.11.2023
Bjørn Sjaastad	Styremedlem	Bergens Sjøfartsmuseum	2020-2023
Lisa Amalie Elle	Styremedlem	Tilsett representant	2020-2023
Robert Kaupang Sæle	Styremedlem	Nordsjøfartsmuseet i Telavåg	2020-2023
Anita Garlid Johannessen	Styremedlem	Øygarden kommune	2020-2023

Styret har hatt sju møte og behandla 53 saker.



VARAMEDLEMMAR

Namn	Rolle	Oppnemnd av	Valperiode
Silvia Haugland	Varamedlem	Vestland fylkeskommune	2020-2023
Nordahl Anthonisen	Varamedlem	Norges Fiskerimuseum	2020-2023
Djani Behram	Varamedlem	Bergen kommune	2020-2023
Camilla Brautaset	Varamedlem	Bergens Sjøfartsmuseum	2020-2023
Eli Samuelsen	Varamedlem	Tilsett representant	2020-2023
Geir Inge Svellingen	Varamedlem	Kystmuseet i Øygarden	2020 - 2023
Christine Taule	Varamedlem	Nordsjøfartsmuseet	2020-2023
Kurt Hæggernæs	Varamedlem	Askøy kommune	2020-2023
Ragnar Tyssebotn	Varamedlem	Bjørn West museet	2020-2023
Maria Thomassen	Varamedlem	Øygarden kommune	2020-2023

*For 2023***DIREKTØREN HAR ORDET**

Med eit solid fotfeste i ein region som alltid har hatt blikket vendt mot sjøen, fortel Museum Vest om livet langs kysten og på havet. Vi tar for oss viktige næringar som fiskeri, handel og sjøfart, olje og gass samtidig som vi søker å være tett på kystfolk i by og bygd - i krigs- og fredstid.

Ved å inspirere til refleksjon om fortida, ønsker vi å gjere samtida meir forståeleg og bygge eit felles verdigrunnlag for framtida. Vi har store og spennande samlingar og ein kunnskapsrik stab, noko som gjer oss eit godt grunnlag for å fortelje kysten si historie. Ved å besøke våre museumsarenaer, kjem du tett på historiene og stader som betyr noko!

2023 har vore eit hektisk år i Museum Vest. Dyrtid, dystre spådomar om straumprisar og følgjer etter pandemien, gjorde at vi hadde eit nøkternt forhold til korleis året ville bli. Besøktala er ein god indikator på at dei tilsette i Museum Vest har handtert utfordringane på ein god måte. I 2023 har vi passert nivået frå før pandemien. Vi endar også opp med eit positivt resultat, noko som er ei konsekvens av god økonomistyring hos avdelingane og sentralt. Som de kan lese vidare i årsmeldinga, har vi levert godt på dei ulike fagområda.


VI GLER OSS TIL NYE
UTFORDRINGAR I 2024 OG
YNSKJER DYKK GOD LESING AV
ÅRSMELDINGA.

Strusshamn, 15. februar 2024
Øyvind Stang, direktør


HOVUDTAL FOR 2023

Totalt besøkstal: 202.770
 Elevbesøk: 13.364
 Enkeltbesøk barn og unge: 21.381

Prosent barn og unge av totalt besøkstal.
 Elevbesøk utgjør 5,6% av det totale besøket.
 Barn og unge utgjør 9% av det totale besøket.
 Barn og unge inkl. elevbesøk utgjør 14,6% av det totale besøket.




Besøkstal 2019-2023



Nøkkeltal samlingsforvaltning

Samla tal for objekt i samlings innanfor ulike kategoriar og andelen som er registrert og publiserte ved utgangen av året.



Forsking

- Fagfelleverderte artiklar: 1
- Vitskapleg monografi: 1
- Fagleg monografi: 1
- Tilsette med ph.d.: 5
- Tilsette som er Konservator NMF: 3
- Tilsette som er Førstekonservator: 2
- Tilsette med fast regulert forskingstid: 2
- Tilsette med avtalt i forskingstid i 2023: 9

Mogleg konsolidering med Bergenhus Festningsmuseum


Om Forsvarsmusea står det følgjande i Museumsmeldinga (Meld. St. 23 (2020–2021)):

«Regjeringa tilrår ei samla overføring av denne museumsverksemda frå Forsvarsdepartementet til Kulturdepartementet.» Vidare står det «I Bergen og Trondheim er det ynskjeleg å sjå nærare på samarbeid mellom Bergenhus Festningsmuseum og Museum Vest». På bakgrunn av dette og i dialog med Kultur- og Likestillingsdepartementet inngjekk Museum Vest ein intensjonsavtale med Bergenhus festningsmuseum med sikte på ei mogleg konsolidering, frå og med 01.01.24. Kort fortalt brukte vi mykje ressursar og gjennomførte ein god prosess saman med Festningsmuseet for å få dette til. Svært overraskande ombestemte regjeringa seg sommaren 2023. Overføringa av musea blei stoppa. Vi sit likevel att med noko, eit godt og nærare samarbeid med Bergenhus Festningsmuseum.

Nasjonale nettverk

Museum Vest er medlem av tre nasjonale museumsnettverk: Det nasjonale museumsnettverket for fiskeri og kystkultur (leiarrolle), Det nasjonale museumsnettverket for demokrati og menneskerettigheter og Sjøfartsnettverket. Det har samla sett ikkje vore særleg stor aktivitet innan nettverka i løpet av 2023. Den største aktiviteten har vore prosjektbasert ved det verftshistoriske prosjektet som omfattar medlemmar av både Fiskerinetttet og Sjøfartsnettverket. Kontaktflatene som nettverka har skapt, har samstundes blitt utnytta på ulikt vis, til dømes med tanke på Kulturrådets treårige utlysing 2024–2027.

ORGANISASJONSKART MUSEUM VEST



Relevant formidling

I strategisk vegkart 2021–25 finn vi satsingsområda for formidlinga i Museum Vest:

1. Satse på kunnskapsbasert formidling. Museum Vest skal synleggjere samlingane, ny forskning og kunnskapsproduksjon gjennom formidling på ulike nivå og implementere aktiv bruk av museets formidlingskanalar.
2. Satse meir på aktivitetsbasert formidling ved avdelingar det er relevant for, og ta uteområde og nærmiljø i større bruk.
3. Vere oppdaterte på nye formidlingsmetodar.
4. Ha spesielt fokus på å nå publikum lokalt og regionalt.
5. Utvikle formidlingstilbod på tvers av avdelingane og søke samarbeid med eksterne partar.
6. Vidareføre arbeidet med publikumsutvikling både retta mot tidlegare besøkande og nye målgrupper- sjå under kommunikasjon og marknad

I Museum Vest har vi samla sett innfridd på alle desse områda i 2023, og det vil ein sjå under om dei einskilde avdelingane og felles for Museum Vest.





VÅRE ÅTTE MUSEUMSARENAER OG AKTIVITETEN I 2023

Bergens Sjøfartsmuseum

Museet har fleire ulike undervisningstilbod for barnehagar, grunnskulen og den vidaregåande skulen. Under One Ocean Week i april gjennomførte museet i samarbeid med DHM opplegget «Bygg ein båt. Bank ein tørrfisk. Ver ein bøkkar» på Schøtstuene.

Museet har redaktør- og produksjonsansvar for «Museum Vest podden» som formidlar historier relatert til sjøfart, fiskeri, krigshistorie, kystkultur og hanseatane sin historie. Audioguide vart utvida med engelsk. Museet har regelmessig opne Tysdagsforedrag i løpet av året, i tillegg barne- og familieprogram kvart semester. Her kan ein framheve Maritime familiedagar i september- eit arrangement som trekkjer svært mange barnefamiljar.

Marinarkeologien

Vi har jobbet vidare med å styrke marinarkeologien gjennom IRMAS, sammen med Norsk Maritimt Museum og Stavanger maritime museum. Det har vært arrangert felles fagsamling med stor teknisk faglig bredde. Vi er glad for den økte støtten fra 2024 som vil gi mulighet for ny fast stilling og vidare samarbeid med sjøfartsmuseet partnere i IRMAS.



Bjørn West Museet

Her vart ny utstilling inkludert «russarfangane» ferdigstilt og utstillingslokalet Båthuset vart fornya.

Undervisningstilbod over to dagar vart gjennomført med over 500 10.klassingar frå Øygarden kommune- eit samarbeid med gruppereiseaktøren Travelmate.

Ei ny digital utstilling vart påbyrja. Museet arrangerte også guida turar i områda for dei siste kampane i Noreg i 2. verdskrig.



Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene

Museet har arbeidsgrupper som arbeider med utstillingar til det nye DHM. I 2023 er mellom anna dokumentet «Tema rom for rom» utarbeidd. Der vert verkemiddelbruk, gjenstandar og tema gjennom hanseatane og Finnegården sin historie vurdert. Dialogrommet blir eit fleirbruksrom for aktivitetar og utstillingar.

Museet har hatt undervisningstilbod for barneskule og vidaregåande skule heile året på Schøtstuene og Bryggen.

Museet har også teke imot barnehagar og elevar frå vaksenopplæringa. Under One Ocean Week i april gjennomførte museet saman med BSJ opplegget «Bygg ein båt. Bank ein tørrfisk. Ver ein bøkkar» på Schøtstuene.

Den temporære utandørsutstillinga «Fra museum til verdensarv» sto ved Schøtstuene i sommarhalvåret. Museet gjennomførte arrangementsserien «Sommar i hansahagen» med ukentlege føredrag frå juni til uti august. To av dagane var arrangementet retta mot barn og unge.

Det vart også halde omvisningar frå Bryggen til Schøtstuene under Kultur natt i Bergen og eit føredrag i Schøtstuene under Middelalderveka.




Fjell festning

Samarbeidet mellom Høgskulen på Vestlandet, ved Senter for nye medier og Museum Vest enda opp med eit spelkonsept med VR som plattform. Prosjektet var ei vidareutvikling av samarbeidet etter Kulturrådsprosjektet «Fire historier frå Fjell festning sommaren 1945» Spelet blir lasta opp på "Steam" primo 2024.

Eit rom i Kanonbrønnen blei utvikla med nye utstillingstekstar og ny modell av slagkryssaren «Gneisenau». Elles har festninga vore godt besøkt av elevar på alle utdanningsnivå.

Dei tilsette ved museet har også måtte prioritere arbeid knytt til at Museum Vest avviklar aktiviteten ved Fjell festning fra og med 01.01.24. Dette på grunn av at eigarstiftinga har sagt opp samarbeidsavtalen med Museum Vest.



Herdla Museum

I arbeidet med å utvikle Herdla torpedobatteri som formidlingsarena, var det fokus på naudsynte tekniske utbetringar av brannalarm og naudlys.

Tre skiftande utstillingar blei vist; «Haakon Johannessen, måleri»- retrospektiv utstilling, «Svømmende, krypende, flygende»- Akvarellar ved Stein Mortensen og «Jeg er» med fotografi ved Kathrine Laacheseter.

Herdla Museum utvikla undervisningsopplegg «En dag under jorden» - eit undervisningsopplegg basert på dramapedagogiske metodar i DKS på Askøy. Både Torpedobatteriet, Kommandobunker og Herdla Museum blei brukt.



Kystmuseet i Øygarden

Ny utstillingsmodul for klestradisjonar og berekraft kom på plass. Berekraftsveko vart etablert i april. Det digitale formidlingsverkkøyet Poplar vart teke i bruk.

Museet hadde gratis aktivitetar i alle feriane, kinoframsyrningar i sommarhalvåret, Halloween-arrangement og båttur med «Vestgar».

Elles har museet hatt stor pågang frå cruiseseselskapa knytt til visingsenteret for laks og undervisingstilbod for barn og unge.



Nordsjøfartmuseet i Telavåg


Den nye utstillinga «Livet i eksil» vart opna i samband med 25-årsjubileet den 26. april. Jubileet vart markert med eit større arrangement med bespising jubileumsdagen og konsert med «Reel Ones» dagen etter. Det var organisert eit opplegg for gjestar frå Shetland over fleire dagar i samarbeid med Øygarden kommune.

Prosjekt Kommandobunker vart avslutta i desember med forvaltningsplan og avlevering til nytt prosjekt.

Museet hadde undervisning for barn og unge på ungdomsskulen og vidaregåande. Det vart halde eit føredrag om krigen i Ukraina og eit arrangement i regi av Folkeakademiet på FN-dagen.

Det var organisert tur til Selstøkverna med fortelling om restaureringa. Kverna kunne ikkje settast i gang grunna vannmangel i elva.

Ein investerte i nye audioguide-avspelarar til bruk for utanlandske gjestar då dei gamle var utdaterte.



Norges Fiskerimuseum

Norges Fiskerimuseum har ulike undervisningstilbud som er relevante i høve til samfunnsoppdraget til skular og barnehagar. Undervisningstilbudet «Luker, tau og årer» vart eit tilbod gjennom DKS i Bergen kommune. Alle skuleelevar som besøker oss får to gratisbilletter saman med infoskriv på seks ulike språk, for å senke terskelen for gjenbesøk med familie og vener.

Prosjektet med deltakande utstillingsarbeid, opprinneleg kalla «Geirs gjenstand», vart starta opp om hausten med mål om fleire midlertidige utstillingar i museet si gratiszone. Den første utstillinga i dette prosjektet vart opna i januar 2024. Prosjektet med oppgradering av eksisterande utstillingar vart starta opp i år og vil halde fram i 2024.

Meir om formidlinga i Museum Vest:

Museum Vest har vidareutvikla museum-skole-samarbeidet gjennom MULO og produsert digitale undervisningsopplegg. Museum Vest har tilbydd eit breitt spekter av undervisningsopplegg for alle utdanningsnivå frå barnehage til vaksenopplæring og arrangement tilpassa ulike målgrupper som aktivitetar i skoleferiar, store familiearrangement, konsertar, føredrag og ulike kaféar for demente, pensjonistar og småbarnsforeldre. Museum Vest har halde fram med digitalt formidlingsarbeid, både gjennom Museum Vest-podden med 59 episodar til no, derav 23 produsert i 2023 og fleire artiklar på Digitalt Museum.

Fleire avdelingar har samarbeidd med eksterne aktørar- Bjørn West Museet utvikla eit to-dagars undervisningsopplegg for reiselivsaktøren Travelmate og Kystmuseet i Øygarden hadde eit samarbeidsprosjekt med Sotra vgs. om Tjeldstømarka.

Etter prøveåret 2021 samarbeidde Museum Vest i 2023 med Norsk Teknisk Museum om eit publikumstilbod ved Radiostasjonen på byfjellet Rundemanen i perioden juni-september. Norges Fiskerimuseum samarbeider med Bergen Kommunale Kystkultursenter Frivilligsentral (BKKS) om å skape ein inkluderande møteplass i og rundt museet og senteret. I 2023 har de difor sett i gang nabokaffe og leksehjelp. Dei arrangerer også senioryoga med museumsbesøk månadleg i samarbeid med lokal yogainstruktør. I haust og vinterferien arrangerte Norges Fiskerimuseum gratis sjømatkurs og museumsbesøk for barn i alderen 9-12 år.

Det vart også etablert eit samarbeid med Robin Hood huset i Bergen for å nå barn som står i fare for utanforskap- med gratis fiskegrateng-kurs og inngang på museet.

Herdla Museum samarbeider om leiraktiviteter for alle konfirmantar frå Askøy og Sotra; om lag 350 konfirmantar totalt. Dei har eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om årlege overnattingsturar med fokus på Livet i sjøen, natur- og miljøfag. Museet samarbeider også med Frivillighetssentralen på Askøy- om ferieaktivitetar for unge og med Askøy kommune om ein leir for menneske med funksjonsnedsettingar.



DIGITAL FORMIDLING 2023:

Når det gjeld digital formidling har Museum Vest-podden blitt ein suksess. Fram til årsskiftet var det publisert 59 episodar og fire nye er publisert i 2024. Museum Vest har også ein eigen YouTube kanal. Den har færre brukarar enn podkasten. Det er jamnlege publiseringar i sosiale media; på Facebook, Instagram og på heimesida vår. Ein finn meir om dette under Kommunikasjon og marknad i denne årsmeldinga.

Avspelingar

YouTube og Museum Vest-podden: 13.688

Følgjarar i sosiale media

Facebook: 1998

Instagram: 1129

Totale tal følgjarar sosiale media: 32.293

Artiklar publisert på Digitalt Museum

Ved utgangen av 2023 var det publisert 33 artiklar, derav to nye i rapporteringsåret:

- Skeivhet til sjøs | av Gry Bang-Andersen (Bergens Sjøfartsmuseum)
- Rundefunnet | av Angelika Iversen Strand (Bergens Sjøfartsmuseum)



#47 Årstein Svihus

Tørrfiskhandel på Vestlandet

▼ Museum Vest Podden



#50 Bjørn Djupevåg

Sildefiske på 18- og 1900-tallet

▼ Museum Vest Podden



Heilskapleg samlingsutvikling

Gode rutinar, samarbeid på tvers og tilførsel av eksterne ressursar gir ei positiv utvikling i arbeidet vårt med registrering, digitalisering og tilgjengeleggjering av samlingane.

Frå 2022-2023 har me mellom anna hatt ein auke på 3 566 registrerte, kulturhistoriske gjenstandar og 1 692 fleire publiserte gjenstandar på Digitalt Museum.

Dokumentasjon av samlingane har vore særleg prioritert i samanheng med magasinprosjekta me har på Bontelabo og ved Kystmuseet i Øygarden, men løpande dokumentasjon av prioriterte delar av samlingane har blitt gjort ved alle avdelingar.

Me har samarbeidd tett med Bevaringstenestene og deira dokumentasjonsteam, noko som har bidrege til at dei aller fleste av Museum Vests båtar no er registrerte og digitaliserte. Prioritering av båtsamlinga kan sjåast i forlenginga av samarbeidsprosjektet [Kartlegging og utvikling av båtsamlingane ved dei konsoliderte musea i Vestland](#), eit prosjekt me har delt erfaringar frå i samanheng med eksterne seminar, eit arrangert av Seksjon for samlingsforvaltning og eit av Kulturdirektoratet i samanheng med prosjekta deira «Koordinert samlingsutvikling kystkultur».

I samband med magasinprosjektet vårt på Bontelabo har me arbeidd med gjennomgang og prioritering i samlingane til Norges Fiskerimuseum og Det Hanseatiske Museum, særleg har det i 2023 blitt jobba med prioriteringar i høve til biblioteksamlinga og gjenstandssamlinga.

Det er laga ein plan for korleis det skal arbeidast med utvikling av samlingane i Museum Vest, og i 2023 utforska me utfordringar og moglegheiter i møtet mellom samlingane og dei overordna tematiske fokusområda våre. Arbeidet er langsiktig og held fram ut heile inneverande strategiperiode.

Me har jobba med prioriterte delar av fotosamlingane ved Nordsjøfartmuseet og Bergens Sjøfartsmuseum noko som har gitt ei positiv utvikling i registrerte, digitaliserte og publiserte foto. Innan arkivfeltet har halvparten av det historiske arkivet ved Nordsjøfartmuseet vorte ordna, pakka og gjort søkbart. I samanheng med Bontelaboprojektet har me besøkt og delt erfaringar med IKA-Kongsberg som ledd i å utvikla kompetansen vår innan handtering og reingjering av arkiv utsett for soppangrep. Museum Vest deltek i referansegruppa til ny bevaringsplan for privatarkiv i Vestland og i arbeidet med ein samhandlingsplan for samlingsforvaltning for musea i Vestland.



Trygg ivaretaking

Vi har gjennom heile året hatt fleire parallelle prosjekt som har bidrege til betra bevaring av samlingane. Det er flytta 788 objekt i fellesmagasinet, eit arbeid særleg relatert til utflyttinga frå Bontelabo, men også Bergens Sjøfartsmuseum og Kystmuseet i Øygarden har flytta prioriterte delar av samlinga. Utflyttinga frå Bontelabo vart i 2022 reprojektert på grunn av problem med muggsopp, og me har dei to siste åra klart å etablere gode arbeidsflytar som ivaretek både objekt og helse, miljø og tryggleik. Fristen for utflytting av lokala er som ein konsekvens av muggsoppproblematikken forlenga, og parallelt med samlingsgjennomgang, reingjering og nedpakking blir det jobba med å skaffe erstatningslokale. I samarbeid med Norconsult er det laget skisser og kostnadsestimat for ei mogleg magasinløsning i Grevstadboden i Sandviken. Det er i 2023 også jobba med å støtta opp om prosjektet med nytt [Samlingssentrum for Musea i Vestland](#).

Me har i samarbeid med Bevaringstenestene jobba med eit større magasinprosjekt på Kystmuseet i Øygarden. Reorg-metoden blir her brukt for å oppnå betre bevaring og utnytting av magasinkapasiteten. Innflyttinga i det nye magasinet skjer våren 2024. Me har god erfaring med denne metoden frå eit tilsvarande prosjekt ved Nordsjøfartsmuseet, der me har fått svært gode bevaringsforhold og lett tilgjengelege samlingar. Av andre tiltak relatert til magasinane våre bør det trekkjast fram av taket ved Bergens Sjøfartsmuseum vart skifta i 2023. Dette gjer at risiko for vassinntrenging er sterkt redusert i magasinet til museet og dessutan at oppbevaringsforholda er betra.

I utstillingane er det jobba med tiltak for å oppnå ei betre objektsikring. Ved Bjørn West Museet er det ferdig ein ny monter i Båthuset og det er etablert solskjerming i hovudutstillinga. I utstillingane ved Bergens Sjøfartsmuseum har me fjerna sårbare objekt frå utstillingane for å hindra vidare nedbryting som følgje av store klimatiske svingingar. Det er innleidd eit konserveringssamarbeidet med Bevaringstenestene for å klargjera gjenstandar for nye utstillingar i Det Hanseatiske Museum, i denne samanhengen er også delar av malerisamlinga tilstandsvurdert i samarbeid med Norsk institutt for kulturminneforskning. Me har utarbeidd ein plan for vidare arbeid med forvaltning av bygningssamlinga ved Kystmuseet i Øygarden og det er opp mot Vestland fylkeskommune jobba for å skaffe finansiering til etablering av ei rådgivingsteneste innan bygningsvern. Grunnlaget for ny sikringsplan er lagt med gjennomføring av ROS-analysar og oppdatering av beredskapsrutinar. Planen blir presentert for styret våren 2024. Det er utarbeidd verdibergingsplan for Herdla Museum.



Forvaltningsforum på Kystmuseet i Øygarden, her i sammenheng med ReOrg-prosjektet



Deling av kunnskap internt og samarbeid med eksterne er viktig for å byggja og utvikla kompetansen vår innan samlingsarbeid. Tilsette i Museum Vest deltek derfor i fleire nettverk relatert til arbeidet med samlingane, og har i 2023 mellom anna delteke på aktivitetar i Samlingsutvalet for musea i Vestland, Regionalt nettverk for fotobevaring, Regionalt nettverk for privatarkiv og Beredskapsgruppa for museum og arkivinstitusjonar i Vestland. Samlingane er tidvis også tema i dei nasjonale museumsnettverka me deltek i, mellom anna i samarbeidsprosjektet «Digitalisering av tradisjonsbåtar ved norske museum». Bevaringstenestene er den viktigaste samarbeidspartnaren vår i arbeidet med forvaltning av samlingane, og forutan det som er nemnt, har tilsette delteke på kurs i bevaring av plast og metall i samlingane i regi av dei. Internt er Forvaltningsforum og Fotogruppa nettverk for utvikling av samlingsfeltet. Bruk av prosjektmetodikk opnar også opp for at tilsette deltek i arbeid utover eiga avdeling, noko som bidreg til å byggja eit felles kompetansmiljø innan arbeidet med samlingane i Museum Vest.

AKTIV SAMHANDLING

-UTVIKLINGEN AV MUSEET SOM FORSKENDE KUNNSKAPS-INSTITUSJON

Ein forskande kunnskapsinstitusjon

Museum Vest har også i 2023 hatt ei jamn utvikling som ein forskande kunnskapsinstitusjon. Ser ein utviklinga over tid har MV over fleire år hatt eit utvikling som har styrka museets real og formalkompetanse og som har auka talet på publiseringar. Forskingsinteressene som blir utvikla ut frå museet sitt utgangspunkt er dessutan blitt breiare tematisk, perspektivmessig og fagdisiplinært. Tematisk har museets fagfolk forska innan bygningsvern, museumshistorie, maritim historie, museumsformidling, klimaendringar, og skeiv historie og okkupasjonshistorie. Fagdisiplinært er våre forskarar knytt til historie, kulturvitskap, pedagogikk og biologi.

Forskningsaktivitetane er ramma inn av museet sine strategiar og handlingsplanar, men er òg karakterisert av museet sine evner til å utnytte dei moglegheitene som dukkar opp.

Forskningsaktivitetane i Museum Vest var såleis i 2023 både karakterisert av at ein arbeida stødig med dei prosjekta som skal publiserast i 2024 og 2025, men òg av at nye prosjekt vart initiert. Museum Vest har vore ein synleg og aktiv sjølvstendig aktør innan forskingsfeltet i 2023. Kombinasjonen av stødigheit og nyskaping har for ein stor del blitt gjort mogleg ved museet sin struktur, forskarfellesskap og fagleg leiing, men skuldast òg for ein stor del at samarbeid med andre forskande museum og med UH-sektoren ber frukter. Museet har eit veksande forskingsmiljø, men som består av tilsette i ulike stillingar og med ulik grad av formalkompetanse og med ulik tilgang til samanhengande forskingstid. For Museum Vest har det difor vore særskilt viktig å på den eine side arbeide planmessig og støttande overfor avklarte forskingsprosjekt, og

på den andre sida knyte våre forskande tilsette til relevante ressursar og miljø utanfor vår institusjon.

Samarbeid med andre museum og forskingsinstitusjonar

Internt i Museum Vest har det vist seg både nødvendig og fruktbart å knyte forskingsidear og konkrete forskingsprosjekt til vår felles arena, Forskerforum, men særleg har det vore viktig å skape ein god, fruktbar og kritisk dialog mellom forskaren, hen sin nærmaste leiår og fagleiar for forskning. Samstundes har det hatt stor og ofte avgjerande betydning at prosjektet òg er knytt opp mot eit større forskarfellesskap i UH-sektoren eller innan museale nettverk.



! Tiltit til tingene? Forskningskonferanse om formidling i museene.

Perioden 2021-2024 har Museum Vest vore sentral i utviklinga av ein sams infrastruktur for forskning mellom musea i Vestland (Infrastrukturprosjektet). Dette har skapt nettverk som fleire av våre tilsette har hatt både praktisk og fagleg utbytte av. Vidare har ulike samarbeidsflatar med UiB og HVL vore avgjerande både for publikasjonar i 2021 og

